

SAKSHANDSAMAR
Ole Christian Tollersrud

VÅR REF.
07/02 158-3

Ark. P - Plansaker
265_268 Osterøy kom. _ Ho

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
02.11.2007

TELEFAX
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no



GJENPART

Osterøy kommune
Plan og teknisk forvaltning

5282 Lonevåg

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	
Saknr. 200601278	Dok.nr. 21
5 NOV 2007	
Arkivnr. 714	Saksh. GAUS
Eksp.	
U.off.	

REGULERINGSPLAN FOR TIMBERDALEN, VALESTRANDSFOSSEN - MOTSEGN

Vi viser til oversending av saka frå Hordaland fylkeskommune i brev av 02.09.07, vårt brev av 13.09.07 og synfaring av området 25.09.07.

Kulturminnestyresmaktane sin tidlegare handsaming av saka.

Hordaland fylkeskommune handsama saka i fylkesutvalet 23.08.07 og fatta vedtak om ikkje å fremje motsegn til reguleringsplanen.

Vedtaket i fylkesutvalet var då ikkje i samsvar med innstillinga frå rådmannen, og saka blei oversendt Riksantikvaren då fylkeskonservatoren meinte planen var i strid med regionale og nasjonale kulturminneinteresser, jf. § 3 i forskriftene til kulturminnelova om faglig ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven. Riksantikvaren uttalte i brev av 13.09.07 at direktoratet vurderer å tre inn i saka, og bad kommunen la saka ligge i ro til ein hadde vurdert ho.

Garveriindustrien som vaks fram på midten av 1800-talet førde til ei omfattande verksemd i Nord-Hordaland, som i Valestrandsfossen fortsatt er synlig gjennom eit unikt kulturmiljø med bygningar som har høg autentisitet.

Riksantikvaren finn at minna frå garveriverksemda i Valestrandsfossen utgjør eit viktig kulturmiljø med nasjonale kulturminneverdiar, og at planen kjem i konflikt med nasjonale mål for kulturminnepolitikken. Konsekvensane av planen er heller ikkje tilstrekkeleg skildra. Riksantikvaren fremmer med dette motsegn til reguleringsplanen for Timberdalen. Direktoratet ber kommunen vurdere korleis bygningsmassen etter garveriverksemda i Valestrandsfossen skal nyttast, slik at ein kan ta vare på denne.

Riksantikvaren vil tilrå at det vert utarbeidd ein stadanalyse av Valestrandsfossen der garveribygningane vil vere sentrale element i den kulturhistoriske skildringa av staden, I analysen bør ein gjere ei konkret vurdering av korleis desse bygningane kan nyttast i framtida utan at den kulturhistoriske verdien blir øydelagt.

Postadresse:

Riksantikvaren
Dronningens gate 13
Postboks 8196 Dep
0034 Oslo
Tlf. 22 94 04 00

Bestikkadresser:

Distriktskontor Ost
Oslo
Dronningens gate 13

Distriktskontor Syd
Lansberg
Nedre Langgate 30 D

Distriktskontor Vest
Bergen
Dreggsallmenninga 3

Distriktskontor Nord
Trondheim
Kjøpmannsgata 25

A:7020

Skildring av området

Timberdalen som ligg på nordsida av Valestrandsvågen, er på 5,5 daa og er ein del av eit gammalt sjøbruks- og garvarmiljø. Det ligg fem naust i området.

Valestrandfossen har ei historie med garveriverksemd sidan ca 1835 og det ligg fleire garveri innanfor planområdet og andre deler av Valestrandfossen.

Garveria utgjer viktige historieforteljande og identitetsskapande element i landskapet, og planområdet ligg sentralt til ved fjorden på Valestrandfossen.

Området er avsett til bustadområdet i gjeldande kommuneplan.

Planforslaget

Reguleringsplanen for Timberdalen legg til rette for seks nye hus med opp til fire høgder, i alt 20 bustadeiningar med felles parkeringsanlegg på tomte til "gamlegarveriet" som er ca 5,5 daa. Utbygginga vil medføre vesentlege terrenginngrep, men samstundes rydde ei branntomt og opna noko av strandsona for ålmenta. Andre delar av planen er regulert til bustad, forretning og kontor i kombinasjon og det er òg regulert parkeringsplassar. Eksisterande naust inngår i planen. Det er vidare sett av areal til leikeplass og fellesareal. Eit eksisterande bygg - "møllehuset" skal bevarast i planen

Planen inneber riving av store delar av dei eldste garveribygingane i Valestrandfossen. "Gamlegarveriet" er vist som bygning som skal fjernast på planen, og dei andre garveribygingane som ligg innanfor planen er regulert til bustad, forretning og kontor i kombinasjon, men det er ikkje spesialområde bevaring i tillegg. Det er ingen illustrasjonar eller anna materiale i saka om korleis denne delen av planen (911) er tenkt nytta.

Reguleringsplanen for Timberdalen inneber riving av "Gamlegarveriet" på Rundhovde. Planen forhindrar heller ikkje riving av dei andre garveribygingane innanfor planen. Med dei krav til parkering og leikeareal mm som planen inneheld, vil han ikkje kunne realiserast utan riving av alle garveribyggja innanfor planområdet. Dersom også Karlagarveriet som huser garverimuseet skulle bli reven, vil berre eitt garveri stå att i Valestrandfossen.

Kulturlandskapet kring Nausthaugen er svært sårbart for store, nye inngrep og heilskapen med garveriverksemdene og naustmiljøet vil bli øydelagt om reguleringsplanen vert realisert.

Kulturminne og kulturmiljø i Valestrandfossen

Garveriindustrien kom seint til Noreg samanlikna med sør- og midt Europa. Det meste blei garva på eigen gard til eige bruk. Styresmaktene freista lenge å avgrense handverket til byane, og det var fyrst då handverkslova blei oppheva i 1839, at garvarar og andre håndverkarar fritt kunne etablere seg på landet. Bøndene i Hordaland var kjende for å vere svært driftige og tiltakslystene og i Hosanger var dei tidleg ute med garveri. Frå Hosanger blei garvedridrifta spreidd til vestsida av øya. Brørne Røsland var dei fyrste som starta opp i Valestrandfossen med garveri på Reigstad. Verksemda starta i 1835 som eit lite føretak heime på garden til Nils Rundhovde og produksjonen vaks etter kvart til ein stor industri med mange tilsette (ref: Kulturhistorisk vegbok). Heile Nord-Hordaland hadde stor framgong med

garveridrift fram til 1900. Ved hundreårskifte skal det ha vore 42 garveri i drift i regionen. Valestrandssfossen og Alversund var dei stadene som hadde flest garveri. Ennå er mykje av garverihistoria i Valestrandssfossen synleg gjennom dei 6 garveria som står att. Eitt garveri er tidligare reve, og eitt er brent. Samla formidlar bygningsmiljøet i Valestrandsvågen dåtida sin teknologi, kor omfattande drifta var og kva ho hadde å seie for lokalmiljøet.

Direktoratet er kjend med planar om å utvide fiskeindustrianlegget "Fossen" som vil kunne true ei anna garveribygning i Valstrandssfossen som Osterøy museum held til i. Saman med bygningane innanfor planområdet utgjer dei eit større samla kulturmiljø av garveriverksemd, og det vil vere svært uheldig for staden å miste Karlagarveriet som husar museum, "gamlegarveriet" på Rundhovde, Jakob Nilsen garveri og Mikalgarveriet.

Særleg om "Gamlegarveriet"

"Gamlegarveriet" frå 1860 på Rundhovde er det første garveriet som vart reist i Valestrandsvågen. "Gamlegarveriet" er den lågaste av garveribygningane på staden og er typisk for den tidlege garveridrifta. Dei tidlege garveria var gjerne lave, med to små etasjar. Dei var plasserte med den eine kortenda mot sjøen. Herifrå blei det leia vatn til bygningen og barkekara. Garveprosessen var omfattande med fleire operasjonar. Skinna skulle skyljast i kalk, skrapa på bom, skyljast på nytt, pyras, bli sat inn med feitt og bli farga. Kara stod i fyrste etasje, der det også var arbeidsrom, mens det i andre etasje var luftig loft der læret blei tørka. "Gamlegarveriet" har høg autentisitet og er ein god representant for denne typen industribygningar. Samtidig formidlar bygningen også ein type drift som involverte både indiske og middelhavske interesser. Garveria har ein miljø- og historisk verdi som det er av nasjonal interesse å verne.

Riksantikvarens vurderingar

Kulturmiljøet i Valestrandssfossen er i stor grad prega av garveribygningane, og det er ein unik konsentrasjon av kulturminna frå denne verksemda i Valestrandssfossen. Det er viktig at historia til garveriverksemda blir synleg også for kommande generasjonar. Bygningane som er planlagt reve er ikkje i særskild dårleg stand, men det kan vere vanskeleg å finne ei god, alternativ bruk til den store bygningsmassen innanfor planområdet.

Eit slikt kulturmiljø som ein finn i Valestrandsvågen er svært sårbart for store, nye inngrep. Vert delar av miljøet fjerna ved riving, og /eller endra på ved å plassera nybygg inni det, forsvinn karakteren som gjer staden så verdifull. Kulturmiljøet bør difor ikkje brytast opp slik planen legg opp til. Ei skånsam utbygging av einskilde bustader innanfor planområdet vil vere mogeleg utan å forringe kulturmiljøet vesentleg. Garveribyggja innanfor planområdet skal då regulerast til spesialområde bevaring etter pbl. § 25.6.

Kulturminneanalysen som er lagt ved saka er ikkje tilfredsstillande når det gjeld dokumentasjon og vurdering av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap for heile Valestrandsvågen. Det bør difor lagast ei meir utfyllande kulturmiljø- og stadanalyse med dokumentasjon og vurdering av kulturminneverdiane i området. Det saknast og gode illustrasjonar til planskildringa som viser dei planlagde tiltaka.

Konklusjon

Det er eit nasjonalt mål å minske tapet av og bevare eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø. Riksantikvaren finn at minna frå garveriverksemda i Valestrandsfossen er eit viktig kulturmiljø av nasjonale interesse, og at planen ikkje er i tråd med nasjonale mål for kulturminnepolitikken. Riksantikvaren fremmer med dette **motsegn** til reguleringsplanen for Timberdalen, og ber kommunen vurdere korleis bygningsmassen etter garveriverksemda i Valestrandsfossen skal nyttast for å ta vare på denne.

Riksantikvaren vil tilrå at det vert utarbeidd ein ny stadanalyse av Valestrandsfossen der garveribygingane vil vere sentrale element i den kulturhistoriske skildringa av staden. I analysen bør ein gjere ei konkret vurdering av desse bygningane, og korleis ein kan nytte desse i framtida utan at den kulturhistoriske verdien blir øydelagt.

Beste helsing



Marit Huuse (e.f.)
Avd.direktør



Margrethe Tviberg

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga - Kulturseksjonen, 5020
Bergen